

FAKTAARK

Fredingsgjennomgangen i Hordaland

I 2006 starta Riksantikvaren det landsdekkjande prosjektet Fredingsgjennomgangen. Ved slutføringa av prosjektet i 2013 skal kvart fylke ha gjennomgått alle fredingsvedtak som er gjort i perioden 1923-1979 og ha presisert omfanget av, formålet med og innhaldet i fredingane.

Fredingsgjennomgangen i Hordaland omfattar rundt 240 bygningar fordelte på 73 anlegg. Totalt omfattar prosjektet på landsbasis rundt 1900 bygningar fordelte på om lag 920 anlegg.

EIT KYST- OG FJORDFYLKE

Hordaland er eit fylke sterkt prega av nærleiken til sjøen, der alle dagens 33 kommunar har kystlinje mot hav eller fjord. Den ytre delen er gjennomskoren av utallege fjordar og sund, medan Hardangerfjorden, den nest lengste fjorden i landet, strekk seg langt inn i landet. Fylket har òg store område med høgfjell, mellom dei Hardangervidda og Folgefonna. Terrenget stig ofte bratt opp frå sjøen, og det meste av busetnaden ligg i eit smalt belte langsmed kysten og fjordane. Heilt til 1900-talet har sjøen vore den fremste

kommunikasjonsåren, fiskeri ein viktig næringsveg, og sjøboren handel har vore hovudgrunnlaget for Bergen. Samstundes var jordbruket den viktigaste næringsvegen for dei aller fleste. Voss, i nordaust av fylket, har meir preg av å vera ei innlandsbygd og skil seg slik sett ut.

BYGGJESKIKKEN

Bygningane som er gjennomgått som del av prosjektet, skriv seg i hovudsak frå tida mellom slutten av 1600-talet og midten av 1800-talet. I denne perioden var det eit tydeleg skilje i byggeskikken mellom Bergen og landdistrikta, eit skilje som hang saman med forskjellar i kultur og levestett. Men det var òg ulikskapar mellom måten ein bygde på i dei ulike delane av fylket, Sunn- og Nordhordland, Hardanger og Voss.

Bergen

Bergen var i første rekkje ein handelsby og eit viktig knutepunkt i det nordeuropeiske sjøhandelsnettverket. Dette gav byen eit internasjonalt preg, og mange av borgarane kom frå Tyskland og andre område rundt Østersjøen og Nordsjøen. Bykulturen og byggeskikken vart prega av dette.

Bryggen utgjer det eldste byområdet i Bergen. I seinmellomalderen vart området

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er faglig rådgiver for Miljøverndepartementet i utviklingen av den statlige kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for fylkeskommunenes og Sametingets arbeid med kulturminner, kulturmiljøer og landskap.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Innberetninga omtaler Bryggen som eit anlegg som har bevart det heilskaplege preget frå mellomalderen «takket vere hanseaternes konservative ærbødighet overfor gammel norsk byggeskik»



teke over av tyske hansakjøpmenn. Dei vidareførte bygningsmønsteret med lange husrekkjer langs passasjar frå Vågen og opp til Øvregaten, med ei samanhengande rekkje med gavlfasadar i fronten. Husa er bygde av lafta tømmer i opp til tre etasjar og har svalgangar på den eine langsida.

I likskap med Bryggen vart også dei vanlege byhusa i byen stort sett bygd med kortsida mot gata, på lange, smale tomter. Bak bustadhuset låg vanlegvis ein liten gardsplass med eldhus, vedbu og andre uthus. Hos kjøpmennene var det ofte ein steinkjellar, som fungerte som eit brannsikkert varelager. Den kunne liggja enten under huset, eller som ein eigen bygning på gardsplassen. Dei fleste husa vart bygde av lafta tømmer kledd med liggjande panel, som på 1800-talet vanlegvis var måla kvitt. Eit karakteristisk trekk var dei bratte taka tekte med teglpanner, som oftast med ein liten vipp eller svai nedst på takflata. Mot gata var det ofte ein gavl eller ei stor ark. Inngangsdøra vart gjerne markert med ein utskoren portal, prega av den til ein kvar tid gjeldande stilretninga - rokokko, louis-seize eller empire.

Sjølv om Bergen i all hovudsak var ein treby fram til slutten av 1800-talet, vart òg ein del hus bygde av stein. Det gjeld mellom anna fleire av dei største bustadhusa, og også mange offentlege bygningar. I nokre få hus kunne ein dessutan finne vegger av utmura bindingsverk. Dei offentlege bygningane var viktige innslag i bybiletet og fekk ofte ein meir særprega og påkosta utforming. Hus knytte til statlege og kommunale styresmakter, skulebygningar og sosiale institusjonar er her viktige grupper. Fleire av desse husa skil seg òg ut ved at dei vart teikna av arkitekt, noko som elles ikkje vart vanleg før mot slutten av 1800-talet.

Frå slutten av 1600-talet vart det vanleg blant embetsmenn og velstående kjøpmenn i Bergen å kjøpa gardsbruk i nærleiken av byen. Ofte bygde dei der eit sommarhus eller lyststad. Ikkje minst i dei økonomisk gode tidene

rundt år 1800 vart det bygd mange slike. Det arkitektoniske hovudpreget er det same som i bustadhusa inne i byen, men lyststadene er ofte større. Den vanlegaste typen er eit hus i ein etasje med symmetrisk fasade på langsida, ofte med inngangsportal og ei stor ark i midtaksen. Frå første halvdel av 1800-talet finn ein òg fleire lyststader der ein tempelfront av antikk type, med søyler og trekantgavl, utgjør midtpartiet av fasaden.

Til lyststadene høyrde ofte hagar, der det kunne vera lysthus og paviljongar. Nokre gonger vart også driftsbygningane på garden gjort til delar av ein større arkitektonisk heilskap, saman med hovudbygninga.

Byggjeskikken i distrikta

Ein finn innslag av den bergenske byggjeskikken også lenger vekk frå byen. Embetsmenn (prestar, sorenskrivarar, futar og offiserar), gjestgjevarar og handelsmenn i distrikta var nært knytte til byen sosialt og økonomisk, og det kjem til uttrykk i bustadhusa deira. Dei er ofte bygd på heilt same måte som lyststadene ved Bergen.

Bondesamfunnet sine hus hadde eit anna preg. Dei òg hadde ofte liggjande bordkledning, til vern mot regnet, men kledningen var vanlegvis umåla. På taka var det torv eller skiferheller, og husa var lågare og med mindre vindauge. Dessutan var det andre typar hus, både for folk og fe. Røykstova med ljore i taket hadde sidan mellomalderen vore bustadhuset på gardane. Ho kunne vera ei årestove, med eldstaden midt på golvet, eller ei røykonnstove med røykonn i hjørnet, ein peisliknande eldstad, men utan skorstein. Utover 1800-talet vart dei avløyste av, eller bygde om til, lemstover med jernomn, fleire vindauge og lem (loftsetasje), men særleg på Voss vart mange av dei gamle røykstovene ståande.

Eit anna viktig hus var bua. Det var eit mindre hus til lagring av mat, i ein eller to etasjar og ofte løfta opp på stabbar. Sengebua hadde fastbygde senger og vart brukt til

Foto: Erlend Hofstad©Riksantikvaren



Krohnstad hovedgård vart freda i 1927 og er eit viktig dømme på lyststadene som vart reiste i bergensområdet på 1700- og 1800-talet.

Foto: Håvard Parr©Riksantikvaren



Embetsmannsboligen på Håbrekke i Kvam har historisk betydning som bustaden til framstående personar, geistlege og offiserar, i Strandebarm gjennom 200 år.

Foto: Erlend Hofstad©Riksantikvaren



Røykstova på Vikjo i Kvam er eit godt bevart dømme på ein viktig hustype på vestlandsgardane i etterreformatorisk tid.

Foto: Ingrid B. Olsen©Riksantikvaren



Mølstertunet, Voss Folkemuseum, omfattar 15 bygningar og er eit av dei mest intakte klyngetuna som er att i Noreg. Tunet gir eit rikt bilete av levemåten på ein tradisjonell vestlandsgard.

gjestar; det var ofte det finaste huset på garden. På Voss fylte loftet den same rolla. Eldhuset hadde ein stor eldstad og vart brukt til mellom anna klesvask, slakting og brygging. Til uthusa høyrde løa og fjøset. På 1800-talet vart det vanleg å kombinera dei, ved å setja løa på ein mura fjøskjellar. Bortsett frå i Vossetraktene var løene bygde i grindverk, ein tradisjonsrik byggjemåte basert på stolpar sette opp i par og bundne saman med ein bet.

Også andre hustypar der det ikkje skulle bu folk, som til dømes nausta, er ofte grindbygde. Steinbygde hus fanst òg, mellom anna mange eldhus og smier. I Nordhordland kunne husa ha vernemurar av stein på dei mest vêrutsette sidene. Karakteristisk for Vestlandet var dei mange klyngetuna der alle husa på dei ulike bruka på garden låg tett samla. Frå midten av 1800-talet vart dei mangbølte gardane utskifta og dei fleste klyngetuna oppløyste. Eit anna utbreidd trekk med sær lange tradisjonar var dei samanbygde husa, der fleire bygningar, gjerne stove, eldhus og bu, var bygde inntil kvarandre i rekkje, ofte forbunde med svaler.

KVA VART FREDA OG KVIFOR?

Dei tidlegaste fredingane i Hordaland er frå 1923-24, då ein freda bygningar i distrikta. Fredingane i den dåverande Bergen kommune er frå 1927. Alle vedtaka vart vedteke av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet etter framlegg frå Den antikvariske bygningsnemnd. Dei såkalla "innberetningene" om bygningane er trykte i årboka til Fortidsminneforeningen frå 1927.

Utvalet av fredingsobjekt avspeglar det samtida fann særleg arkitektonisk og historisk interessant: for det første husa knytt til den gamle bondekulturen, med røter attende til mellomalderen; for det andre by- og embetsmannsarkitekturen frå 1700- og første del av 1800-talet. Dette heng mellom anna saman med kva ein i nasjonsbyggingstida på 1800- og første del av 1900-talet såg som særleg viktige epokar i Noregshistoria.

Bygningar brukt til industri og handverk var ein lenge mindre oppteken av. Det er òg geografiske skilnader i kor godt dei ulike delane av fylket er representert på fredingslista; særleg er det få freda hus i Nordhordland.

Offentlege bygg og borgarhus i Bergen
Dei fleste av bygningane som vart freda i 1920-åra kan plasserast i nokre hovudgrupper. I Bergen freda ein for det første ei rekkje gamle offentlege bygg, som til dømes *Rådhuset* frå 1560-åra, den gamle byporten *Stadsporten* frå første del av 1600-talet, og *Latinskulen* sin bygning frå tidleg 1700-tal. Fleire tradisjonsrike sosiale institusjonar langs Kong Oscars gate vart freda: *Danckert Krohns* og *Zander Kaaes stiftingar* frå 1700-talet, og *St. Jørgens hospital*, eit komplett hospitalsanlegg for spedalske, med bygningar frå 1700-talet og røter attende til 1400-talet.

Ein freda òg ein del bustadhus frå 1700-talet. Seks av desse husa utgjorde eit samla miljø rundt plassen *Sliberget*, ytst på Nordneshalvøya. *Hagerupsgården* er eit døme på ei fornemt byhus frå byrjinga av 1700-talet, og er i nasjonal samanheng eit sjeldsynt døme på eit barokt bypalé i mur. *Muren* er eit nær unikt døme på både adeleg byggjeskikk og verdslege byhus frå 1500-talet i Noreg.

I ein særklasse stod *Bryggen*, der alt som stod igjen vart freda: med sine over 120 bygningar var *Bryggen* det klart største freda bygningsmiljøet i heile landet. Nokre av bygningane på *Bryggen* gjekk tapt i to store brannar i 1950-åra medan sju freda eigedomar i Bergen vart øydelagde under andre verdskrigen.

Lystgardane

Mange av lyststadene i og ved byen vart freda, som oftast berre hovudbygningen. Hovudbygningane på *Erviken*, *Store Milde* og *Stamerhuset* er nokre av dei titals hovudbygningane som vart freda. *Thomas Erichsens Minde* på Askøy er blant dei største og arkitektonisk mest særprega lyststadsbygningane i Bergensområdet, og huset må reknast blant hovudverka i den

Då Lov um bygningsfreding trådde i kraft i 1921 vart Den antikvariske bygningsnemnd oppnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det var lovfesta at nemnda skulle bestå av fem menn, der riksantikvaren var ein. Av dei andre medlemene skulle ein vere arkitekt, ein jurist og ein bygningskyndig. Nemnda besto inntil bygningsfredingslova vart erstatta av kulturminnelova i 1978.

Foto: Erlend Hofstad©Riksantikvaren



Sliberget 1-3 ligg ved plassen Sliberget, lengst ute på austsida av Nordneshalvøya. Bygningane er typiske representantar for 1700- og 1800-tals byhus i Bergen.

Foto: Ingrid B. Olsen©Riksantikvaren



Med si plassering midt ute på allmenningen har Muren vore eit landemerke i bybiletet sidan han var ny.

Foto: Erlend Hofstad©Riksantikvaren



Hovudbygning og sjøhus på Hiskholmen i Bomlo er eit viktig døme på ein vestnorsk handels- og gjestgjevarstad frå 1700- og 1800-talet.

bergenske louis-seize-arkitekturen. Hovudbygningen på *Frydenlund* kan stå om representant for dei mindre lyststadene. I nokre tilfelle òg heile lystgardsanlegg freda. *Christinegård* og *Damsgård* er to døme på store lyststader der heile anlegget med hovudbygning, uthus, paviljongar og hagemurar er omfatta av fredinga.

Embetsmenn, herregardar og bondehus
Blant dei freda bygningane i resten av fylket er fleire av dei Bergens-påverka embetsmannshusa frå 1700- og tidleg 1800-tal, mellom dei *Hesthamar skrivegard* i Ullensvang. Hovudbygningen er blant dei eldste og mest autentiske sorenskrivar-gardane i landet og ein god representant for den rurale embetsstandens bustader. Nokre få av dei store gardstuna, mellom anna *Mølstertunet* på Voss, vart freda, og elles ein del enkeltstående gardshus som røykstover og sengebuer. Eit døme på dette er røykstova på *Hauge* i Voss frå 1746.

I ein særstilling står klyngetunet på *Aga* i Ullensvang, som er eit av dei største av dei attverande klyngetuna i landet. *Agatunet* omfattar i dag 42 bygningar frå bustadhus til lør og vetlehus.

I Sunnhordland finn vi eit par av dei mest særprega anlegga på fredingslista. I tunet på garden *Einstabøvoll* i Sveio frå første del av 1800-talet, er mest alle av dei 14 freda husa er bygde av stein. Hovudbygningen på *Baroniet Rosendal* i Kvinnherad er blant dei største, mest påkosta og arkitektonisk avanserte av herregardane i landet frå 1600-talet.

Gjestgjevarstader

Blant dei freda bygningane finn vi òg fleire gjestgjevarstader, mellom anna *Hiskholmen* i Bømlo kommune og *Møllersalen* i Bergen kommune. På *Hiskholmen* vart hovudbygning, steinkjellar og sjøhus freda i 1972 som ein av dei fremste handels- og gjestgjevarstadene langs vestlandskysten gjennom fleire hundre år.

Industri

Veldig få bygningar og anlegg knytt til industri vart freda. *Sandoiksvøien 60-62* er eit døme på ein bergensk handverksbedrift frå byrjinga av 1800-talet, med meisterbustad og produksjonsbygningar. Sjølve reiparbanen er eit sjeldsynt og godt bevart døme på ein karakteristisk type produksjonsbygning frå førindustriell tid. Fredinga av *Rekve mølle* på Voss i 1977 er eit teikn på auka interesse for denne typen kulturminne.

ERFARINGANE FRÅ FREDINGSGJENNOMGANGEN

I arbeidet med fredingsgjennomgangen har Hordaland fylkeskommune vore på synfaringar og gjort registreringar av dei freda husa. Den oppdaterte registreringa og den gode dialogen med eigarane vil vere eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet om dei freda anlegga mellom eigaren, fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Hovudbygningen på Baroniet Rosendal i Kvinnherad er døme på eit av særst få adelege residensar i Noreg. Bygningen er usedvanleg godt bevart.

